

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 06.04.2021
SAKSHANDSAMAR: Ingvild Braut
SAKA GJELD: Oversikt over høyringar

ARKIVSAK: 2020/1171
STYRESAK: 038/21
STYREMØTE: 21.04. 2021

Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Mottatt	Saka gjeld	Svarfrist	Status
29.03.2021	Høyring - Endring i forskrift om genetisk masseundersøking av nyfødde Helse- og omsorgsdepartementet sender forslag om endring i forskrift 29. juni 2007 nr. 742 om genetisk masseundersøking av nyfødde på høyring. Det blir foreslått å inkludere Spinal muskelatrofi (SMA) i masseundersøkinga av nyfødde.	10.05.2021	Sendt HF-a Vi koordinerer eit samla høyringssvar
29.03.2021	Høyring - Endring i helsepersonelloven - autorisering av naprapatar, osteopatar, logopedar og paramedisinarar Helse- og omsorgsdepartementet foreslår i høyringsnotatet å autorisere naprapatar, osteopatar, logopedar og paramedisinarar i samsvar med lov 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell mv. (helsepersonelloven). Dette blir foreslått fastsett i helsepersonelloven § 48 første ledd. I høyringsnotatet blir òg skissert kva som skal ligge til grunn for å få rett til autorisasjon.	04.06.2021	

Mottatt	Saka gjeld	Svarfrist	Status
25.03.2021	Høyring - Nasjonale faglege råd for førebygging og riktig bruk av tvang i psykisk helsevern for vaksne Helsedirektoratet ber om høyringsinnspel til Nasjonale faglege råd for førebygging og riktig bruk av tvang i psykisk helsevern for vaksne.	20.06.2021	Sendt HF-a Vi koordinerer eit samla høyringssvar
24.03.2021	Høyring - Bruk av standarden Tilbakemelding om feil i mottatt melding Samordningsutval for meldingsutveksling (SamUT) har påpeika at det er behov for å gjere tydeleg bruk av standarden Tilbakemelding om feil i mottatt melding (HIS 1151:2006). Standarden blir brukt for å varsle avsendaren av ein fagmelding om at det er feil knytt til innhaldet i fagmeldinga som gjer at mottakar ikkje kan behandle han. Helse Vest har leia ei arbeidsgruppe med brei deltaking frå sektoren. Gruppa har vurdert ulike tiltak for å gjere det enklare å bruke meldinga riktig. Gruppa har utarbeidd eit dokument som understøttar betre og meir einskapleg bruk av standarden, og det er dette dokumentet som er på høyring. Direktoratet for e-helse vurderer å normere dokumentet som ei retningslinje.	24.06.2021	
24.03.2021	Høyring - utmåling og betaling av gebyr i medhald av (nye avgjerder i) legemiddelova § 28 a, apoteklova § 9-6 og folketrygdlova § 25-6 a Statens legemiddelverk sender på vegner av Helse- og omsorgsdepartementet forslag til forskriftsavgjerder om utmåling og betaling av gebyr på høyring. Det blir òg foreslått å fastsetje heimel for gebyr etter legemiddelova § 28 a jf. § 10 første ledd første punktum jf. forskrift 18.12.2009 nr. 1839 om legemiddel (legemiddelforskrifta) § 8-6 første ledd bokstav a, i legemiddelforskrifta. Ovannemnde lovføresegner som gir heimel for å gje gebyr, vil setjast i kraft samtidig med iverksettinga av ny forskrift om utmåling og betaling av gebyr. Det blir tatt sikte på at gebyr kan innførast frå 1. januar 2022.	01.07.2021	

Mottatt	Saka gjeld	Svarfrist	Status
24.03.2021	Utgreiing om organisering av luftambulansenesta Helse- og omsorgsdepartementet sender utgreiing om organisering av luftambulansenesta på høyring. Mandatet til ekspertgruppa har mellom anna vore å greia ut modellar for framtidig drift av den operative delen luftambulansenesta (ambulansefly og ambulanshelikopter) og beskriva fordelar, ulemper og risiko ved dei ulike modellane: • Dagens modell, betringsmoglegheiter av denne • Modell med offentleg drift • Modell med drift av ideelle aktørar	25.06.2021	Sendt HF-a Vi koordinerer eit samla høyringssvar
18.03.2021	Høyring av rapportar frå Sysselsetjingsutvalet • NOU 2019: 7 Arbeid og inntektssikring – Tiltak for auka sysselsetjing • NOU 2021: 2 Kompetanse, aktivitet og inntektssikring – Tiltak for auka sysselsetjing Sysselsetjingsutvalets arbeid er delte i to fasar. Sysselsetjingsutvalet si ekspertgruppe vart oppnemnd 12. januar 2018 for å analysere utviklinga i sysselsetjing og mottak av inntektssikring og foreslå tiltak for at fleire kjem i arbeid. Arbeids- og sosialdepartementet ynskjer at interesserte aktørar vurderer drøftingane frå utvalet og sendar begge rapportane på høyring.	17.06.2021	Sendt HF-a Vi koordinerer eit samla høyringssvar
05.03.2021	Forslag til forskrift om nasjonal retningslinje for samisk sjukepleiarutdanning Kunnskapsdepartementet ber om å vurdere om innhaldet i retningslinja er i tråd med behovet til samiske pasientar for kompetanse i helsetenesta. Vidare vil departementet ha tilbakemelding på om det er noko som manglar eller som bør gå ut i forskrifta.	06.06.2021	Vi sender høyringssvar

Mottatt	Saka gjeld	Svarfrist	Status
23.02.2021	Høring om Nasjonal spesifikasjon for metadata om helsedata Direktoratet for e-helse sender utkast til revidert versjon av Nasjonal spesifikasjon for metadata om helsedata på høyring. Den første versjonen spesifiserer krav til innrapportering av metadata frå sentrale helseregister. Den reviderte versjonen dekker også innrapportering av metadata frå nasjonale medisinske kvalitetsregister og befolkningsbaserte helseundersøkingar.	15.05.2021	Sendt HF-a Vi koordinerer eit samla høyringssvar
01.02.2021	Forslag til endringar i helsepersonellova, pasient- og brukarrettslova mv. om administrative reaksjonar og saksbehandlinga til tilsynsstyresmaktene av førespurnader om pliktbrøt Helse- og omsorgsdepartementet foreslår endringar i pasient- og brukarrettslova § 7-4a som regulerer statsforvaltaren sin plikt til å vurdere og behandle oppmodingar om vurdering av pliktbrøt. Endringane inneber at statsforvaltaren får større moglegheit til å prioritere kva saker som er eigna for tilsyn, ut frå formålet om pasientsikkerheit og tillit til helse- og omsorgstenesta. Er det grunn til å tru at det finst forhold som er til fare for pasient- og brukarsikkerheita, skal likevel statsforvaltaren alltid undersøke forholdet.	03.05.2021	Sendt HF-a Vi koordinerer eit samla høyringssvar